

MOT TIL Å MEINA

I samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet gjennomfører kommunane Hjelmeland, Sauda og Time kommune eit pilotprosjekt retta mot personar under 26 år. Målet er å snu trenden og auka det politiske engasjementet blant unge.

Prosjektet som går over tre år har som målsetjing å få fleire til å ta del i politisk arbeid, i politiske parti og politiske interesseorganisasjonar fram mot 2011. Hovudmålet er å auka talet på unge listekandidatar til kommune- og fylkestingsval, og at fleire får plass i kommunestyra. Prosjektet arbeider også for at det totalt blir større oppslutning i vallokalet frå denne gruppa ved neste kommuneval.


Nasjonalt Garborgsenter, som er ein del av Jærmuseet, samarbeider med prosjektet "Mot til å meina". Senteret har som ei av hovudoppgåvene sine å engasjera til debatt og deltaking i samfunnsprosessar for å byggje opp om demokratiet.

Dei vidaregåande skulane som dekkjer pilotkommunane har peika ut fem elevar kvar som skal følgja prosjektet.

Elevane legg sjølv premissane. Konferansen som no skal finna stad blir arrangert i samarbeid med ei rekkje nasjonale organisasjonar. Det blir ein oppfølgjar av konferansen i 2011.



www.garborg.no



MOT TIL Å MEINA

Stavanger 6.-7. mai, 2010

**Demokratiet:
Blåmandag eller
grøn framtid?**

Målgrupper for konferansen:

Politiske parti, valstyra, valarbeidarar i kommunar, pedagogisk personell i skulen, media og ungdomsorganisasjonar. I tillegg bør konferansen vera av spesiell interesse for kommunar som skal gjennomføra val for 16-åringar.



Demokratiet: Blåmandag eller grøn framtid?

Torsdag 6. mai

- 10.00 Kunstnarisk innslag
10.05 Representant for brukargruppa "Mot til å meina"
10.10 Opning
Kjell Pettersen, Kommunalbanken
10.20 Tek me demokratiet for gitt?
Aslak Sira Myhre, dagleg leiar av Litteraturhuset i Oslo
11.00 Å tru på ungt engasjement
Putte Svensson, Rock City Hultsfred
12.00 Pause
12.15 Kvifor vel dei unge bort folkevald arbeid?
Frank H. Aarebrot, professor i samanliknande politikk
13.00 Lunsj
13.45 Kulturinnslag
13.55 Demokratiet treng unge røyster – men får dei lov?
Liv Signe Navarsete, kommunal- og regionalminister
14.30 Tyskland går føre og vil ha dei unge med
Representant for det politiske miljø i Tyskland – internasjonale erfaringar
15.00 Kommunale saksdokument - eit stammespråk for dei spesielt interesserte?
Jostein Fretland, student og medlem av sentralstyret i NMU
15.20 Pause
15.40 Er partia blitt for like – kor vart ideologien av?
Terje Breivik, generalsekretær Venstre
Geir Almåsvoold Mo, tidlegare generalsekretær i Framstegspartiet
16.20 Kan me lukkast med 16-års stemmerett – kva gjer prøvekaninen?
Rune Øygard, ordførar i Vågå kommune
Olaug Vervik Bollestad, ordførar i Gjesdal kommune
17.00 Paneldebatt
Jostein Fretland, student og medlem av sentralstyret i NMU
Tale Hungnes, generalsekretær LNU
Liv Signe Navarsete, kommunal- og regionalminister
Putte Svensson, dagleg leiar Rock City Hultsfred
Rune Øygard, ordførar i Vågå kommune
17.45 Slutt
20.00 Middag
Politisk kåseri ved forfattar **Olaug Nilssen**

Kursstad:

Torsdag 6. – fredag 7. mai 2010
Registrering frå klokka 09.00
Stad: First Hotel Alstor i Stavanger

Fredag 7. mai

- 08.30 Med LLA steig oppslutninga ved 2007-valet
2007-lokalavisene gjorde ein forskjell - kvifor?
Rune Hetland, generalsekretær i Landslaget for lokalaviser
09.00 Demokratiet går ikkje frå munn til munn, det må lærast
Medlem av styringsgruppa i prosjektet Mot til å meina
09.30 Ei verd av nye medium – kan me nytta dei i demokratibygging?
Øyvind Solstad NRKbeta
10.00 Nye formidlingsmåtar i media
Kjetil Dale, journalist TV 2
10.30 Pause og utsjekk
10.45 Kvifor blei eg engasjert?
Hadia Tajik, stortingsrepresentant for Arbeidarpartiet
Geir Pollestad, stortingsrepresentant for Senterpartiet
Iselin Nybø, formannskapsrepresentant for Venstre i Stavanger
11.30 Er det ungdommen som er problemet for demokratiet, eller er det demokratiet som er problemet for ungdommen?
Politisk leiing, kunnskapsdepartementet
12.00 Ungdommen er rotlaus - er det påført eller har dei funne vegen sjølv?
Vibeke Mohn Herberg, leiar i Elevorganisasjonen
12.20 Debatt
Gode råd kan vera dyre, men aktive grep kan auka engasjementet
Medlem av styringsgruppa i prosjektet "Mot til å meina"
Vibeke Mohn Herberg, leiar i Elevorganisasjonen
Representant frå Utdanningsforbundet
Espen Thompson, rektor ved Sauda vidaregåande skule
Politisk leiing, Kunnskapsdepartementet
13.20 Vegen vidare - ei oppsummering
Gunhild Berge Stang, kommunestyremedlem i Askvoll kommune
13.30 Lunsj og heimreis

Påmelding:

Konferanseavgift (utan overnatting), lunsj begge dagar kr 2.500,-
Overnatting (6. – 7 mai) med festmiddag torsdag 6. mai kr 1300,-
Treng du overnatting frå onsdag til torsdag, gje melding om dette.

Påmelding innan 26. mars 2010 til e-post garborg.no
eller telefaks 52 79 04 81.

Ved avmelding mindre enn ei veke før konferansen blir det fakturert full pris.